



Norsk Kulturarv

NORWEGIAN HERITAGE FOUNDATION

Landbruks- og matdepartementet

Postboks 8007 Dep.
0030 OSLO

postmottak@lmd.dep.no

Deres ref.:

Deres dato:

Vår ref.: el/

Vår dato: 12. januar 2016

«Modernitet utan tradisjon er sterilt, tradisjon utan modernitet er idioti»,

Den franske osteproduzenten André Valadier

Innspel til ny melding om jordbruksnæringa

Stiftelsen Norsk Kulturarv (SNK) vart oppretta i 1993 av Oppland fylkeskommune og har 29 innskytarar av eigenkapital, hovudsakleg frå offentleg sektor.

Norsk Kulturarvs visjon er **Vern gjennom bruk**.

Utvikling av nye næringar gjennom bruk av kulturarv-verdiar er ein vesentleg del av Norsk Kulturarvs arbeid.

Norsk Kulturarv bidreg på denne måten til verdiskaping – Kulturminner som blir brukte aktivt, skapar tilhøyrighet og identitet.

Aktiv bruk er ein viktig premis for ein levande og mangfaldig kulturarv.

Kulturarven er kjelde til livskvalitet gjennom gode opplevsar, samtidig som kulturarven gjev grunnlag for næringsdrift. Inntekter som blir skapte, kan i neste omgang bli tilbakeført til vernearbeidet.

Norsk Kulturarv er ein interesseorganisasjon med formål å sikre kulturarven vår for komande generasjonar gjennom bærekraftig bruk langs kysten, i innlandet og i bystrøk og er open for medlemskap for bedrifter, kommunar, fylkeskommunar, regionråd, organisasjonar eller enkeltmedlemmar.



Norsk Kulturarv

NORWEGIAN HERITAGE FOUNDATION

Norsk Kulturarv skal i følge punkt 2 i vedtektene:

- **Ivareta interessene til eigarar og brukarar av freda og verneverdige kulturminner**
- **Arbeide for og delta aktivt i forsvarleg næringsutnytting av kulturarven**
- **Gjennom økonomisk og fagleg bistand drive aktivt kulturminnevern med heile landet som arbeidsområde**

Norsk Kulturarv arbeider med haldningskapande virksomheit, informasjon og formidlar verdier som **inspirasjon, kunnskap og identitet**.

Norsk Kulturarv skal profilere seg gjennom aksjonar, prosjekt og spesielle produkt.

I. Rammevilkår for eigarar av freda og verneverdige kulturminner

Eigarar av freda og/ eller verneverdige kulturminner forvaltar viktige delar av vår felles kulturarv. Med god grunn er dei fleste eigarar tydeleg stolte av dette, og set si ære i å ta vare på dei. Bygningar blir best teke vare på ved normal bruk kombinert med et jevnt tilsyn og vedlikehald. Eller som vi i Norsk Kulturarv seier; Vern gjennom bruk !

Det er i gang omfattande planarbeid nasjonalt, regionalt og på kommunenivå for å gi fleire kulturminne eit formelt vern.

Riksantikvaren arbeidar med revisjon og supplering av fredingslista.

Fylkeskommunane lagar regionale delplanar for kulturminne og lokalt blir det laga kommunale kulturvernplanar.

Stortinget har mellom anna gjort vedtak om at innan 2020 skal alle freda bygningar i Norge ha ein god vedlikehaldstilstand.

Det er har også vore ei positiv utvikling slik at det i dag er meir offentlege midlar som kan brukast til kulturverntiltak.

Og mange private eigarar er viljuge til å bruke egne midlar til restaurering. Men gode planar og økonomiske midlar er ikkje nok til å nå eit mål med kulturminne som er tekne vare på etter antikvariske retningslinjer og har ein god bygningsmessig stand.

Norsk Kulturarv driv fleire aksjonar.

Strakstiltaket vårt, «Ta et tak», har bidratt til å redde og halde ved like driftsbygningar, seterhus og våningshus.

Gjennom «Rydd er kulturminne» har den oppveksande slekt bidratt til rydding i kulturlandskapet.

Dei økonomiske rammene for Riksantikvaren og Kulturminnefondet er avgjerande for å nå dei nasjonale målsettingane innan kulturminnevernet.

SNK meiner og at det må til endring i skatte- og avgiftsreglane, slik at eigarar av kulturminner får skrive av vedlikehaldsutgifter på skatten.



Norsk Kulturarv

NORWEGIAN HERITAGE FOUNDATION

2. Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Stiftelsen Norsk Kulturarv er opptatt av totalproduktet som blir levert av landbruket, slik som matproduksjonen, kulturlandskapspleia og andre miljøverdier, opplevingar og ivaretaking av viktige delar av kulturarven vår.

SMIL-ordninga er ei ubyråkratisk og svært effektiv tilskotsordning som utløyer stor eigeninnsats i form av egne midlar og arbeid. Ein vesentleg del av formålet med SMIL-ordninga er som kjent å fremme natur- og kulturminneverdiane i jordbruket. Av dei NOK 158 mill. i SMIL-tilskot som vart gjeve i 2013, gjekk heile NOK 115 mill. til kulturlandskapstiltak. Av dei NOK 195 mill. i SMIL-tilskot for 2015 vart heile NOK 100 mill. forbehalde tilskot til drenering. Rama for SMIL vart redusert med NOK 30 mill. til NOK 95 mill.

Sidan SMIL-ordninga vart innført i 2004 er mange flotte og viktige kulturminne blitt redda frå kritisk forfall. I svært mange tilfelle har tilskottet over ordninga vore heilt avgjerande.

Bygningane og kulturlandskapsverdiane er viktige ressursar for landbruket samla sett, men òg for kvar enkelt gardbrukar. Særleg er bygningane ein viktig del av ressursgrunnlaget i landbruket, og gjev moglegheiter for «fleire føter å stå på» for brukaren nå og i framtida.

Ressursane knytta til ordninga bidreg til viktig verdiskaping, både på gardsbruket og i nærområdet. Størsteparten av midlane blir brukte lokalt.

Ein ytterlegare reduksjon i SMIL-midlane vil få dramatiske konsekvensar for kulturminnevernet og kulturlandskapet på norske gardsbruk.

Stiftelsen Norsk Kulturarv er veldig opptatt av at søkelyset på og løyvingane til kulturlandskapstiltaka i SMIL-ordninga blir styrka i samband med jordbruksoppgjøra. Å avgrense ordninga (ref. forskrift fastsatt 16. og 17.februar 2015) til foretak som er berettiga produksjonstilskot må òg opphøre, etter som fleir og fleir av kulturminna blir liggande utanfor den tradisjonelle gardsdrifta og dermed ikkje er søknadsberettiga.

3. Vår felles matkultur

I Meld. St. 31 (2014–2015) «Garden som ressurs – marknaden som mål— Vekst og gründerskap innan landbruksbaserte næringar» beskriv regjeringa blant anna betydninga av koblinga mellom landbruket og den veksande opplevelsesnæringa. Dette har stor relevans for vårt arbeid.

«Landbruket er både gammalt og nytt – og på ei rundreise innom norske gardsbruk er det ingen grenser for kombinasjonar av tradisjon og nytenking.»

I dette arbeidet er det avgjerande å løfte fram matkulturen vår som ein avgjerande suksessfaktor.

Mat og matkultur er i tillegg viktig for trivsel i dagleglivet. Måltidet har ein viktig sosial funksjon. Kosthaldet er også viktig for læring og yteevne i kvardagen. Eit riktig samansett kosthald kan førebygge ei rekkje sjukdomar, men er også viktig i behandling av somatiske og psykiske lidingar. Folkehelseaspektet er med andre ord sentralt i arbeidet med å sikre gode matvarer.



Norsk Kulturarv

NORWEGIAN HERITAGE FOUNDATION

a. Norsk Smaksskule

Norsk Smaksskule er eit prosjekt i regi av Norsk Kulturarv – og etter idè frå Arne Brimi. Vi tilbyr gratis kurs for skule- og barnehagetilsette som treng fagleg påfyll til korleis dei skal jobbe med smak, mat og råvarer med ungene. I innevêrande skuleår har vi kursa godt over 150 skule- og barnehagelærarar frå heile landet – spredt over 18 fylker.

I praksis fungerer Norsk Smaksskule på den måten at vi gjennomfører todagens oppstartskurs med skule- og barnehagetilsette i august månad kvart år. Desse kursa foregår på ulike plassar rundt omkring i landet. Her får deltakarane fagleg påfyll frå meisterkokkar som Arne Brimi, Mikael Forselius og Wenche Andersen samt ein dag med Einar Risvik, som har doktorgrad i smak og ernæring og har forska på mat og smak i ein mannsalder.

Etter deltakarane er komme ut i skular og barnehagar er det også høve til å invitere oss til å ta med oss kokkane inn i skulen eller barnehagen og gjennomføre smaksøvingar saman med ungene. Både oppstartskurs og oppfølging i ettertid er gratis. Ved slutten av året er det krav om dokumentasjon og rapport frå deltakarane. Dei beste resultatane bli honorert med pengar, heider og ære.

Ut skuleåret 2016/17 er Norsk Smaksskule finansiert – hovudsakleg med løyvingar frå Sparebankstiftelsen DNB.

Det må vera eit mål – ikkje minst for Landbruks- og matdepartementet – at dette flotte arbeidet finn ei langsiktig, statleg finansiering.

b. Høgskulestudiet i tradisjonsmat og matkultur

Som ein forlengelse av engasjementet vårt for matkulturen, har vi innleida eit samarbeid med Høgskolen på Lillehammer for å få på plass eit høgskulestudium i tradisjonsmat og matkultur. Initiativtakarane til dette er i fyrste rekkje **Bodil Nordjorde** og **Arne Brimi**.

Det vil bli arbeidd med forprosjekt for studiet fyrste halvår av 2016.

Skuleåret 2016/17 vil eventuelt bli kjørt som ein pilot, og ordinær oppstart vil vera hausten 2018.

Det er i primærnæringane sine interesser at høgskulestudiet kjem i gang, og Regjeringa må bidra til at så skjer.

Ein viktig del av arbeidet med matkulturen vår, er at det blir satt i gang forskning på feltet. Pr i dag forelegg ikkje noko slik.

4. Spesialisert handverksutdanning

Skal ein oppnå god restaurering av kulturminne må ein ha godt kvalifiserte handverkarar til å utføre arbeidet.

I Norge har vi eit stor tal verneverdige bygningar som det er ønskje om å ta vare på. Mange har eit formelt vern etter Kulturminnelova eller Plan- og bygningslova.

Skal ein nå 2020-målet må ein også ha spesialiserte handverkarar som kjenner gamle byggmåtar og teknikkar, materialbruk og lokal byggeskikk.



Norsk Kulturarv

NORWEGIAN HERITAGE FOUNDATION

Dagens formelle utdanningstilbod i Norge har ikkje ordningar som gir kompetanse innanfor dette spesielle fagfeltet. Her er det snakk om ei opplæring som byggjer på ei grunnleggjande handverksutdanning og fører fram til ei spesialisering.

I denne opplæring er herming etter personar som kan faget og omfattande øving naudsynt for å bli ein god utøvar. Dette er opplæring som er vanskeleg å putte inn i dagens etablerte høgskole- og universitetssystem. Men samtidig er det viktig at dei som får slik opplæring kan oppnå ein formell utdanningsgrad. Innanfor anna "handlingsboren" kunnskap med sterk grad av spesialisering som i kunstfag er det akseptert at ein må lære på ein slik måte, men innanfor byggfaget er det endå ikkje på plass.

Ein modell kan vere å lage eit høgskolestudium der ein kombinerar teori med stor grad av praktiske øvingar. Men då er det viktig at dei praktiske øvingane kan gjerast i eit miljø som har denne kompetansen og som kan ha naudsynt tilgang på øvingsoppgåver.

Skal ein bli god til å setje istand ei bygning, må ein kjenne til korleis den er bygt og det må lærast gjennom bygging av kopiar av eldre hus. Med den kunnskapen i botn kan ein ha nok innsikt til å vite korleis ein set istand. I landet vårt har vi ulike byggeskikkar og byggemåtar frå landsdel til landsdel.

Det er viktig at desse regionale forskjellane også blir tekne vare på og vidareført.

Det får ein best til gjennom å legge øvingsarenaer/byggghytter for opplæring ute i distrikta.

Vi har i dag nokre slike etablerte fagmiljø, mellom anna Senter for bygdekultur på Hjerleid i Dovre kommune og Husasnotra ved Geitbårmuseet i Halså kommune.

På begge dese stadane har ein dreve opplæring av "næmingar" over lengre tid med godt resultat.

På denne bakgrunnen er det eit krav frå oss at styresmaktene legg til rette for å opprette slike spesialiserte handverksutdanningar i dei ulike regionane i landet vårt. Med tanke på målet om at alle freda bygningar skal vera i akseptabel vedlikehaldsmessig stand innan 2020, er det verkeleg på høg tid å koma i gang !

5. Behovet for samordning i kulturminnepolitikken

Stortinget har bestemt at alle freda bygg skal ha eit akseptabelt vedlikehaldsnivå innan 2020. Det er 5735 freda bygningar i Norge. På grunn av store etterslep og stadig aukande kostnader til istandsetting, må løyvingane til freda bygg aukast kraftig i åra framover for å nå Stortingets mål. Det er grunn til å tru at tilgangen på kvalifiserte handverkarar på sikt vil forbetra seg.

Noreg har ein bygningsarv i tre som er unik i verdssamanhang. Mange av bygningane er 700 -800 hundre år gamle. Norsk kulturarv vil minne om at mykje av den arven er i sterkt forfall, Difor meiner Norsk kulturarv at det må setjast i verk ein AKSJON for STRAKSTILTAK for verneverdige og freda bygg gjerne etter modell av Norsk kulturarvs aksjon TA ET TAK.

Det er også stor mangel på kvalifiserte handverkarar innan miljøet. Eit strakstiltak vil kunna berge husa inntil vi har nok kompetanse og økonomi til å gjeva husa eit godt og varig vedlikehald.



Norsk Kulturarv

NORWEGIAN HERITAGE FOUNDATION

Kulturminnefeltet sorterer i Noreg under Miljøverndepartementet sitt arbeidsområde. Dette er ein særnorsk modell. I dei fleste andre land som vi kan samanlikna oss med sorterer kulturminnefeltet under kulturdepartementet sitt arbeidsfelt. Regjeringa står fritt til å organisera departementsstrukturen slik dei ynskjer.

I dag soknar freda og verneverdige bygg under minst tre departement:

- a) **Klima- og miljødepartementet** – Freda bygg i privat eige.
- b) **Kulturdepartementet** – musea.
- c) **Landbruks- og matdepartementet** – verneverdige bygg i landbruket.

Norsk kulturarv meiner arbeidet med den unike kulturarven vår ville bli meir oversiktleig og enklare å handsame dersom dette vart lagt under eitt departement.

Mange, mange takk så langt.

Lykke til i arbeidet med viktig melding !

Med beste helsing frå

STIFTELSEN NORSK KULTURARV

Erik Lillebråten
Direktør



VERN GJENNOM BRUK